


**Oppmannsrapport
etter fellessensur i norsk skriftleg
i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane**



**Sentralt gitt eksamen
NOR0214, NOR0215 og NOR1415, 10. årstrinn**

**Våren 2018
Åndalsnes 01.07.18
Anne Mette Korneliussen
Oppmann**

Innhald

Fellessensurmøte	3
Statistikk	3
Kommentarar til eksamensrettleiinga.....	3
Kommentarar til eksamenssettet.....	3
Førebuingdelen.....	3
Oppgåvene	4
Hovudmål NOR0214.....	4
Sidemål NOR0215.....	4
Forslag til tema.....	5
Andre norskfaglege innspel.....	6

Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Quality Hotel Alexandra i Molde 19. og 20. juni. Det vart halde førebuande møte med fylkesmann og oppmenn før sensorskuleringa byrja 19. juni. På sensorskuleringa jobba vi med elevsvar frå førehandssensuren. Vår eksamensregion hadde også sensorskulering 25. og 26. april på Alexandra i Loen. Resultatet er auka medvit og eit betra tolkingsfellesskap når det gjeld vurdering av tekster. Vi var 48 sensorar som var fordelte på 12 sensorgrupper.

Statistikk

Fagkoder (4)

Fagkode	Fagnavn	Karakterer	1	2	3	4	5	6	Standard-avvik	Snitt før klage	Endelig snitt	Snitt nasjonalt*
MAT0010	Matematikk 10. årstrinn	1536	4,23%	19,66%	27,28%	27,41%	15,82%	5,60%	1,24	3,48	3,48	3,55
NOR0214	Norsk hovedmål 10. årstrinn,...	1369	1,02%	15,63%	37,25%	32,29%	10,37%	3,43%	1,02	3,46	3,46	3,61
NOR0215	Norsk sidemål 10. årstrinn, sk...	1368	0,58%	16,67%	36,18%	32,46%	11,48%	2,63%	1,00	3,45	3,45	3,40
NOR1415	Norsk for elever med fritak fr...	152	32,24%	50,00%	15,13%	1,97%	0,66%	-	0,77	1,89	1,89	2,43

*Snitt nasjonalt inkluderer klageresultater etterhvert som disse er klare

Kommentarar til eksamensrettleiinga

Eksamensrettleiinga hadde tydeleg og presis informasjon til elevar, lærarar og sensorar. Vurderingsområda var detaljerte og utdjupa. Vurderingsmatrisa var meir presis. Fint med førsteintrykk.

Kommentarar til eksamenssettet

Eksamen i norsk har god form og struktur. Elevane skulle i år skrive to obligatoriske tekster i del A på hovudmål og sidemål. I del B skulle elevane skrive ein tekst. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom eksamen og kompetansemåla. Oppgåvene er nært knytt til temaet og til førebuingsmateriellet. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep.

Førebuingsdelen

Temaet «Engasjement» har mange innfallsvinklar. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er variert og har passeleg lengd. Tekstane

har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og setje i gang refleksjon. Gode bilete. Fleire av tekstene treff gutane godt.

Oppgåvene

Oppgåvene er spissa og nært knytta til førebuingsdelen og vedlegg. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Oppgåvene har fleire delar som elevane skal svare på. Elevane hadde fleire oppgåver å velje mellom i del B.

Hovudmål NOR0214

A1 og A2: Fine tekstar som skal samanliknast. A1 og A2 glir litt over i kvarandre og er litt like. Mange bestillingar å svare på.

B-delen har gode oppgåver som gjev moglegheit for å svare i ulike sjangrar.

B1: Vanskeleg oppgåve. Berre for spesielt interesserte.

B2: Få elevar har valt denne.

B3: Mange skriv om idrett, ikkje korleis idrett kan engasjere.

B4: Er dette ein planke? Ein vanskeleg planke der bestillinga er å skildre, bruke tankereferat og utvida augneblink. Mange elevar skriv forteljing med mykje handlingsreferat.

Sidemål NOR0215

A1 og A2: Flotte tekster og oppgåver for gutane. Kva vil det seie å samanfatte? Strukturerte og tydelege oppgåvebestillingar.

B-delen har tydelege bestillingar.

B1: Få elevar har skrive denne oppgåva.

B2: Fungerte godt for elevar med personleg kjennskap til person.

B3: Dette er ei krevjande oppgåve. Fleire elevar skriv om ei sak ungdom er oppteken av. Mange gløymer det å få fram endring på grunn av personleg engasjement og at det skulle vere positivt for andre.

B4: Fint med oppgåve til samansett tekst.

Forslag til tema

*Kjærleik

*Relasjonar

*Einsemd

*Er ungdom bortskjemt eller strevar dei med å tilpasse seg

*Utdanning, yrke og val

*Identitet og sjølvrealisering

*Omsorg

*Før og no

*Trafikk og «null- visjonen»

*Kjeldekritikk

*Propaganda

*Miljø og klima

*Konflikt

*Vennskap

*Lukke

*Livsløgn

*Prestasjon

*Det gode liv

*Press

*Fridom

*Utanfor

*Reise

Kommentarar:

*Språket må få større plass. Dei formelle dugleikane ser ut til å ha hatt for liten plass i opplæringa. Dette ser ein særleg i nynorsk, både som hovudmål og sidemål.

*Bruke songtekster og andre kulturuttrykk (teikningar og måleri).

*Meir analyse.

*Elevane må få vise meir fagkunnskap i skriftleg.

*Språk versus innhald.

*Bruke aktuelle tema i tida.

Andre norskfaglege innspel

Sensorane er godt nøgde med matrisa og vurderingsskjemaet. Begge er nyttige verktøy i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer. Bra at matrisa var på ei side.

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Sensorane peika på at ein kunne ha fordelt hovudmål og sidemål betre.

Sensureringa gjekk føre seg utan store problem.

Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar.

Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreieing av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

